

Kartlegging av regionalparkar



Kva er oppnådd ?
kva er meirverdien?

Distriktssenteret




- Kunnskap om samfunnsutvikling
- Målgruppe: kommunar og regionar i heile landet



Formålet med kartlegginga

Har etableringa av regionalparkar gitt meirverdi ?

- gjennom å fylle eit «gap» for regional samhandling ?
 - ved å bidra til å styrka grunnlaget for verdiskaping i regionen?
- 

Kva er ein regionalpark ?

«En dynamisk og langsiktig samarbeidsplattform for lokalsamfunn, myndigheter, og næringsliv med interesser i et angitt og bosatt landskapsområde,

- som ivaretar og videreutvikler områdets natur- og kulturverdier,*
- støtter lokal deltakelse,*
- fremmer bærekraftig verdiskaping og merkevarebygging gjennom integrert områdeforvaltning og stedsutvikling.»*

(Bjørnstad, et al. 2008,)



Fokusgruppe-intervju i Valdres er dokumentert 😊



Hovudfunn;

Langsiktig samarbeid og tillitsfulle nettverk

Regionalparkane har gjennom langsiktig arbeid gitt sterkare samhandling og nettverksbygging mellom offentlege og private aktørar, og på tvers av etablerte strukturar.

Dette legg grunnlag for langsiktigheit, tydelege prioriteringar og konkret innsats som styrkar den lokale kompetansen og verdiskapingsevna over tid.

Parkorganiseringa har også gitt næringslivet ei sterkare stemme inn i utviklingsarbeidet.



Andre viktige punkt frå regionalpark-rapporten


Ta i bruk utviklingskapasiteten

Regionalparksatsinga dreier seg mykje om å finna gode og effektive måtar å organisera arbeidet med lokalsamfunnsutvikling på.

Det handlar om å sjå og ta i bruk utviklingskapasiteten i eit område med nokre felles verdiar, interesser og identitet.

Utviklingskapasitet handlar både om kompetanse, leiing, utviklingskultur og pengar.

Utviklingskapasitet



Regionalparken kan vera med å bygge bru....

Regionalpar-
arbeidet



Kommune-
reforma

Foto: Agder-posten

Viktige punkt her er;

Regional identitet

Styrka regional identitet og sterk eigeninteresse og eigeninnsats frå deltakande aktørar i regionalparkane si satsing, kan sjå ut til å resultera i større meirverdi.

Regionalparkane – eit framtidretta verktøy for kommuneplanarbeidet i den regionale utviklinga?

Regionalparkane er med å skapa ein ny og breiare samhandlingsarena på tvers av kommunar og som inkluderer så vel offentlege som private aktørar i ein fastare form enn i dei tradisjonelle prosjektformene og meir lause nettverka.


Difor bør ein sjå på korleis regionalparkane kan bli kopla på i arbeidet med kommunereforma. Her kan ein hauste meir kunnskap frå dei etablerte parkane, og ikkje minst frå fleire av parkkandidatane som er under etablering med støtte frå KMD sitt parkprogram.

Andre viktige punkt frå regionalpark-rapporten

«Frå umyndiggjering til myndiggjering»

Eg vil ta med eit sitat frå arbeidet som har skjedd i Nærøyfjorden Verdsarvpark:

Vi fekk etter kvart til gode dialogar med regionale og sentrale styresmakter, seier Ivar Bjarne Underdal som har vore med heile vegen i oppbygginga av regionalparken. Vi har gått frå umyndiggjering i retning av myndiggjering når det gjeld bygdene og lokalbefolkning sitt grep for eiga vekst- og utvikling



Velfungerande samarbeid mot felles mål

Tillit og gjensidighet er grunnleggande


Kompetente og komplementære, tillitsfulle nettverk

- Kunnskap er den viktigste ressursen
- Læring er den viktigste prosessen
- Samarbeid er det viktigste for resultatet



«Å samarbeide dårleg er verre enn å ikkje samarbeide i det heile tatt»

Oppsummert frå vår side

- Regionalparkane handlar m.a. om å finne gode og effektive måtar å organisera arbeid med lokalsamfunnsutvikling på.
 - Det handlar om å ta i bruk utviklingskapasiteten i eit område med nokre felles verdier, interesser og identitet.
- 

Rapporten kan du hente opp på nettet

- <http://distriktssenteret.no/wp-content/uploads/2014/05/140527-Norske-regionalparkerRapport-fra-KDU.pdf>



Tusen takk for meg

